



Styret og gruppeleiarane samla under årsmøtet på Solheim

Ein fjerdedel eller 245 av uskedelingane har betalt kontingenten sin i idrettslaget for 2011 og det er bra, vart det slått fast i årsmeldinga som vart lagt fram på årsmøtet på Solheim Turiststasjon i kveld. Ei anna positivt faktum var økonomien som var karakterisert som sunn og god og synte eit overskot på 47 072 kroner etter nøktern drift i gruppene.

Eit hovudtema under årsmøtet var kor mykje laget bør eige. Den avgåande leiar Bjarne Lilleaas var for mindre eigedom og meir aktivitet og det vart antyda vedtak i ein slik retning.



[Odd Steinar Arnesen overtek fotballen og Ole Vidar Monsen held fram som leiar for ski og friidrett](#)

Eit av dei var at det skal utgreiast om grusbana bør bli kunstgrasbane og supplerast med andre aktivitetsanlegg i skråningen opp mot Geilo. Aktuelle stikkord her kan vera ballbinge, skateboardrampe og tennisbane og ei arbeidsgruppe med Odd Steinar Arnesen, Oddmund Soldal og Jostein Hauso skal jobba vidare med prosjektet.



Leiar Bjarne Lilleaas går medan kasserar Oddmund Soldal blir sittjande

Dei kan tenke seg eit byte med kommunen der det blir opparbeidd parkeringsplass på den andre sida av Aktivitetshuset, på Bakkane. Det har også vore på tale med ei halv kunstgrasbane, men Arnesen trudde ei heil bane vart billigare. Han minte om at slike baner plar vera i buk nærmast døgnet rundt. Men kva skal så skje med Heio? Her var det semje om å gå ein ny runde med kommunen som førebels har sagt nei til å ta over vedlikehaldet. Nyttar ikkje det, må laget kjøpa ny grasklyppar sjølv. Det vart sagt i møtet at dei ikkje hadde 'tynt kommunen' sæleg mykje og at dei nyvalde 6 frå Uskedalen i kommunestyret bør utnyttast meir. Også problematisk vassforsyning på Heio vart understreka.

Eigarskapet i Aktivitetshuset var også på agendaen. Her vart styret oppmoda om å føre opp fordeler og ulemper og komma med ei anbefaling. Fleire og blant dei den avtroppande leiar streka under at det laget eig bør vurderast i samanheng. Aktivitetshuset sin eigarstatus vart imidlertid ikkje vurdert som nokon akutt sak.

Lilleaas takker for seg etter å ha vore leiar i eit år men kven som blir ny leiar er ikkje klårt då styret konstituerar seg sjølv. Lilleaas blir erstatta av Anbjørn Høivik og Pål Haugland av Linda Jensen medan Oddmund Soldal, Ingunn Myklebust, Janne Yri og Alf Eidsvik junior sit att i styret.

I fotballgruppa tek Odd Steinar Arnesen no over etter Jostein Hauso som leiar medan dei andre gruppene ar desse leiarane: Terese T. Haugland turn, Ole Vidar Monsen ski og friidrett og Steinar Haugland tur.

Undergruppene får attest av hovudlaget for å vera svært sjølvstyrte og for å visa kreativitet og initiativ.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen